

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag

14 mars 2017 kl 19

Deltakarar: Kaia Gulbrandsen, Marit Huus, Lars Sævarhagen, Olav Bernt Strømsnes, Gunnar Dalseth (leiar) og 1. vara (Sigmund Eiken)

Forfall: Una Eiken

Dagsorden:

Sak 2017/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden vart godkjent

Sak 2017/17 Godkjenning av referat frå styremøte 14 februar 2017

Referatet vart godkjent.

Sak 2017/18 Oppfølging av saker frå referat

- Støtte til reparasjon av båtbyggjarmuseet: 70.000 framleis udekt av fullført arbeid. *Gunnar ber Sverre Haugen om oversikt og budsjett for gjenståande arbeid, og søk Hardangerstiftinga.*
- Støtte til nye lyd/bildesystem for kulturhuset: *Kaia snakkas med lag som er faste brukarar for å få innspel*
- *Kaia søker Sparebanken Vest om støttemidlar for bygdebladet*
- *Gunnar søker kommunen om støtte til lagshus, frist 1 april*
- *Gunnar spør Marna om ordningar for støtte til kulturminnesamlinga*

Sak 2017/19 Drøfting / godkjenning av årsmelding for 2016

Styret gjekk gjennom utkast til årsmelding og kom med innspel. *Gunnar slutfører dokumentet og klargjer det til presentasjon på årsmøtet.*

Sak 2017/20 Disponering av midlar frå Landskapsparken

Med samanslåinga av Landskapsparken og Bygdelaget har styret ansvar for å forvalte midlane frå Landskapsparken, som 1. januar utgjorde kr 86.520. *Styret stadfester at midlane på Landskapsparken sin konto skal brukast til formål som Landskapsparken har gjort før. Marna Roer har ansvaret for aktivitetsgruppa rundt Landskapsparken.*

Sak 2017/21 Framlegg og eventuelt godkjenning av rekneskap for 2016

Rekneskapa er framleis under revisjon, og kommunikasjon om den vil halde fram på e-post fram til den er ferdig.

Sak 2017/22 Framlegg til endringar i vedtektene

Styret gjekk gjennom utkast til endringar.

Ferdig utkast blir kunngjort saman med endeleg innkalling til årsmøte.

Sak 2017/23 Klargjer dagsorden for årsmøtet

Ingen ekstra saker er meldt inn til styret. Dagsorden på årsmøtet vil vere dei faste sakene, og revisjon av vedtektene. *Endeleg innkalling til årsmøte blir kunngjort saman med sakliste.*

Sak 2017/24 Klargjering for sommaren

Saka blir utsett til neste styremøte med det nye styret.

Sak 2017/25 Representasjon på årsmøtet i Jondal Frivilligsentral, og på årsmøtet for Herand Omsorgsbustader

Marna Roer stiller på årsmøtet i Frivilligsentralen

Kenneth Vikane er representant på årsmøtet for Omsorgsbustadene.

Sak 2017/26 Eventuelt

Gunnar vil innhente tilbud på å lage nye nettsider for herand.no og samkøyre med Landskapsparken.